



«Kven skal eige jorda?»

Metoderapport Skup 2017

Nationen

PUBLISERING

Artikkelserien «Kven skal eige jorda?» vart publisert i Nationen på nett og papir frå fredag 8. juli til fredag 2. september, i alt ni, større artiklar.

Samleside på nationen.no for artiklane: <http://www.nationen.no/kven-skal-eige-jorda/>

MEDVERKANDE/INNSENDARAR

Journalistar:

Hans Bårdsgård ó hans.bardsgard@nationen.no

Astrid Sverresdotter Dypvik ó astrid.dypvik@nationen.no

Hilde Lysengen Havro ó hilde.havro@nationen.no (prosjektleder) ó Tlf: 951 20 776

Eva Aalberg Undheim ó eva.undheim@nationen.no

Bjarne Bekkeheien Aase ó bjarne.aase@nationen.no

Fotografar:

Ketil Blom Haugstulen ó ketilblom@gmail.com

Siri Juell Rasmussen ó siri.rasmussen@nationen.no

Framsidedeilete: Grønsaksbonden Mitel Gratian Alin i landsbyen Herneacova i Romania. Foto: Siri Juell Rasmussen.

Adresse:

Nationen
Postboks 9390 Grønland
0135 Oslo
www.nationen.no

1. BAKGRUNN

Redaksjonen i Nationen hadde avgjort å arbeide med og publisere ein artikkelserie sommaren 2016. Ideen om å sjå på eigarskap til matjorda kom på eit felles redaksjonsmøte i januar same år. Sidan Nationen skriv mykje om norsk og internasjonal matproduksjon, ynskte me gjera eit djupdykk ned i problemstillingar kring eigarskap.

Landbruket og eigarskap til jorda står i ei brytningstid i Noreg og elles i verda. Strukturane i jordbruket endrar seg, og investeringskapital har i større grad funne vegen inn i jordbruket etter finanskrisa i 2008-2009. Ifølgje FN sin organisasjon for mat og landbruk (FAO) må matproduksjonen auke med 70 prosent fram mot 2050 for å gi nok mat til ei befolkning på ni milliardar. I eit beredskapsperspektiv meinte me difor det er interessant å sjå på kven som styrer over matjorda som ein viktig ressurs, og om kven som har eigarskapen har noko tyding.

Noreg og Europa kan stå overfor store endringar i jordbruket som fylgje av internasjonale avtalar som TTIP og TISA. Frå regjeringshald i Noreg blir det hevda at norsk landbruk må bli meir konkurransedyktig for å møte framtidig liberalisering og auka internasjonal konkurranse. Eit moment i artikkelserien ville difor også vera å undersøkje kva jordbruk og matvareproduksjon Noreg og norske bønder vil møte frå den europeiske marknaden

Jordbruk har vorte eit investeringsobjekt finanssektoren har gått inn i. Jord blir rekna for å vera ei trygg investering, som vil gi god avkastning i framtida fordi folk vil alltid trenge mat. I artikkelserien ynskte me difor å undersøkje kva som er årsakene til at til dømes investorar og pensjonsfond kjøper opp jord, og kva ringverknader endringar i jordeigarskapen har. Me ville også søkje å få i tale jordinvestorar, finanskonsulentar, fond og bankar som tilrår slike investeringar. Me ville også undersøkje om det er skilnad på motiv og konsekvensar når ein stat kjøper opp jord, og når til dømes eit investeringsfond kjøper opp jord.

I Noreg har jordeigarskapen vore privat, og fordelt på mange eigarar. Jordbruket er underlagt mange lovar, som odelsloven, konsesjonsloven og prisregulering av jordbrukseigedom. Me ynskte å sjå på korleis lovverket har påverka utvikling av eigarskap i Noreg, og om til dømes odelsloven kan ha vore til hinder for at folk utan familiar som eig jord kan kjøpe seg eit gardsbruk.

2. PROBLEMSTILLINGA

Me valde å gå inn i det journalistiske arbeidet med ei ope problemstilling ó kven skal eige jorda ó som også vart tittelen på det journalistiske prosjektet. Jordeigarskap har historisk vorte organisert ulikt i ulike land, og per i dag er det også ulik utøving av eigarskap i ulike land. Både internasjonalt og nasjonalt handlar spørsmålet i botnen om korleis og kven som skal forvalte naturressursane.

Me avgjorde tidleg at artikkelserien trong eit internasjonalt perspektiv, i tillegg til det norske. Kva land som ville vera aktuelt å besøke som eit casestudie måtte difor avgjerast for å kunne setje i gang ytterlegare research og kjeldarbeid. Me valde difor å leggje ressursar ned i eit førearbeid utført av prosjektleiar Hilde Lysengen Havro, med mål om å utmeisle nokre problemstillingar, og sjå særleg på kva stader og land me burde skrive om for å få eit breiast mogleg perspektiv.

Førearbeidet resulterte også i ein søknad til Fritt ord, som støtta artikkelserien vår økonomisk.

I førehandsresearchen snakka me med ulike kjelder frå forskingsmiljø og organisasjonslivet i Noreg, som har både kunnskap om og interesserer seg for spørsmålet om jordeigarskap.

2.1 Innsnevring av problemstillinga

Landran («land grabbing») i Afrika og Sør-Amerika er eit felt som journalistar, forskarar og utviklings-, bonde- og menneskerettsorganisasjonar i Noreg (og internasjonalt) har arbeidd med i mange år, medan det er gjort lite i Noreg når det gjeld journalistikk kring utvikling av jordeigarskap i europeiske land. Svært få norske kjelder har oversikt over kva som skjer kring eigarskapsutvikling i Europa, og særleg Aust-Europa.

Det vart også klart tidleg at me trong å reise til dei landa me ville skrive om, for å snakke med dei kjeldene me ynskte å intervjuje ó politiske kjelder, dei lokale småbøndene, investorane og analytikarane/forskarane.

Dei ulike casea skulle også representere ulike perspektiv på jordeigarskap. Kwart land har jo hatt si historiske utvikling. Som case-studie hamna me på Noreg, Danmark, Polen, Skottland, Ukraina og Romania.

2.2 Bakgrunn for val av problemstillingar til dei ulike artiklane

Noreg:

Den norske odelsloven er unik i europeisk samanheng, og odelsretten er også nedfelt i Grunnlovens paragraf 117. Me ville sjå på i kva grad odelsretten har prega utvikling av eigarskap i norsk jordbruk, og korleis odelsloven påverkar bondefamiliane sine kjensler kring å selje garden «ut av familien». Eit spørsmål me også ville stille var om odelsloven, som har sikra eit familieeigd og ódrive jordbruk i Noreg, også kan vera til hinder for personar som ikkje kjem frå gard og/eller har odelsrett, til å kjøpe seg eit gardsbruk og gå inn i bondeyrket.

Eigarskapen til jorda vore fordelt på mange sjølvstendige bønder, som gjennom lovar og reguleringar skal oppnå politisk vedtekne målsettingar om matproduksjon i Noreg. Historisk

har det vore mange sjølveigande bønder i Noreg, noko lovverket har sikra med mellom anna med Husmannsloven frå 1851 og ikkje minst Jordloven frå 1928, som gav husmennene rett til å innløyse jorda dei hadde drive på vegner av bonden. Samstundes er også norsk jordbruk i endring, med til dømes opphevinga av priskontroll for 14.000 gardsbruk. Me ville undersøkje kva tyding det har hatt at mange eig og driv jord.

Danmark:

Bakgrunnen for val av Danmark er at nabolandet vårt skil seg svært mykje frå Noreg når det gjeld jordbruk og matproduksjon. Det gjorde det aktuelt å sjå nærmare på det danske jordbruket. Jordbruket i Danmark er konkurranseutsett og eksportretta, og har dei siste åra stått overfor store endringar. Saker både i danske medie, som Landbrugsavisen, og tidlegare artiklar i Nationen, har skildra eit jordbruk med høgt gjeldsnivå, låge råvareprisar og til dels svært høge jordprisar og krav til eigenkapital. Det har prega utviklinga av dagens eigedomsstruktur i Danmark, som, i motsetning til i Noreg, har opna for at fond, aksjeselskap og utanlandske investorar kan kjøpe opp jord.

Skottland:

Årsaka til at Skottland vart valt som ein case er at medan utviklinga går i retning av færre jordeigarar i mange europeiske land, har Skottland valt å gå i motsett retning. Skottland har kanskje Europas mest konsentrerte eigarskap, der i overkant av 400 jordeigarar eig halvparten av jorda i Skottland. Den skotske regjeringa, styrt av Scottish National Party, har lenge arbeidd med å gjennomføre ei jordreform, som mellom anna tek sikte på å gi fleire retten til å eige jord. Ein ny jordlov vart også vedteken av det skotske parlamentet våren 2016.

Romania:

Romania er det EU-landet der landran finst som fenomen¹, om enn i mindre skala enn i Afrika og Sør-Amerika. Det rumenske jordbruket er prega både av eit industrijordbruk og av at det framleis finst om lag fire millionar rumenske småbrukarar. Me ynskte å sjå på korleis det har vorte lagt til rette for privat, nasjonal eigarskap etter kommunismens fall, og undersøkje nøyare det rumenske jordbruket og samspelet/motsetnaden mellom det investordrive jordbruket og småskala jordbruket.

Ukraina:

Mange store, internasjonale selskap har investert i matproduksjon og matjord i Ukraina, som blir sett på som Europas «kornkammer». Me ville undersøkje kva som er årsaka til at norske investorar har gått inn i Ukraina, kva regelverk som har vorte til rettelagt for det, og kva konsekvensar det gir for landbruket i Ukraina.

Polen:

Som tidlegare austblokkland har Polen skild seg ut frå resten av Aust-Europa og dei tidlegare sovjet-landa, fordi Polen har hatt ein sjølveigande bondestand. Jordbruksareal blir også sett på som ein viktig nasjonal ressurs i Polen. Me ynskte å undersøkje kva endringar som i dag skjer i Polen, kva rammeverk styresmaktene legg til grunn for matproduksjonen framover.

¹[http://www.europarl.europa.eu/RegData/etudes/STUD/2015/540369/IPOL_STU\(2015\)540369_EN.pdf](http://www.europarl.europa.eu/RegData/etudes/STUD/2015/540369/IPOL_STU(2015)540369_EN.pdf)

Noreg i Afrika:

Noreg har gjennom Norfund investert pengar i utvikling av afrikansk jordbruk. Me ville sjå på kva motivet for investeringar i jordbruket er, og om det er nokon garanti for at norske midlar vil føre til utvikling, arbeidsplassar, auka levestandard og høgare matproduksjon.

3. RESEARCH OG GJENNOMFØRING

I alt var det fem journalistar og to fotografar som arbeidde med artikkelserien. Årsaka til at me valde å inkludere såpass mange journalistar, var at det var mykje arbeid med kvar enkelt artikkel når det gjaldt research, planlegging av reise, kjeldearbeid, gjennomføring av reisene og utskriving. Me nedsette ei gruppe internt i redaksjonen, og ein prosjektleiar som hadde ansvaret for gjennomføring. Gruppa fungerte også som ein stad der me kunne diskutere kjelder og vinkling med kvarandre.

Artikkel 1: Odelsloven i Noreg – Hans Bårdsgård

Våren 2016 hadde Marit Lajord frå Vang i Valdres ein kronikk i Aftensposten om odelsloven. Ho var odelsjente, men hadde skrive frå seg odelsretten, og meinte at odelsretten stod i vegen for yngre søskjen som ville ta over garden. Me valde å ta kontakt med Marit og den yngre syster hennar Guro, som i dag driv garden, for å få fram perspektivet med fråskrivning av odelsretten og kva debattar som går innetter i familiane kring kven av borna som skal ta over og drive ein gard. Me brukte også offentlege statistikkar, som SSB, som syner utvikling i talet på bruk over tid. Ei viktig kjelde for oss var også Norsk Landbruksrådgivning Namdal si gransking av leigejord, drift og kostnader.

Me søkte også motsetningar og skilnader mellom systrene Lajord, ved å møte dei på garden heime og i byen, og mellom forskaren og bondelagsleiaren. Eit viktig spørsmål for oss å undersøkje nærmare var samanhengen mellom odel og leigejord ó om odelsinstituttet fører til at kjensler kring å «selje garden ut av familien» står i vegen, om ikkje praksis, så kjenslemessig, for bønder som treng å leige tilleggsjord.

Landbrukshistorikar Reidar Almås bidrog med ein historisk gjennomgang av odelsloven. I tillegg var ei viktig kjelde for artikkelen Noregs Bondelag, som er ein av dei sterkaste forsvararane i odelsretten, og kva perspektiv organisasjonen har på odelsretten påverknad på norsk jordbruk også i framtida.

Offentlege statistikkar og rapportar som omhandlar talet på gardar i drift og jordleige, og utvikling over tid, var også viktige kjelder for artikkelen.

Artikkel 2: Danmark – Eva Aalberg Undheim

I arbeidet med artikkelen starta me med å lesa rapportar og avisartiklar tilgjengeleg på nett om gjeldskrisa og utfordringane i dansk landbruk. Me tok kontakt med organisasjonen Landbrug og fødevarer, som er ein organisasjon for danske bønder og matindustri. Me snakka med fleire tilsette for å få best mogleg oversikt over eigeomsstruktur, endringar og trendar. Gjennom deira rapport «Fakta om Erhvervet» og Danmarks Statistik fekk me også statistikkar over utviklinga i struktur, produksjon og handel. I tillegg brukte me rapportar om utviklinga av danske mjølkeprisar og mjølkeprisane i EU.

Hovuddelen av danske gardsbruk er eigd av bøndene sjølv, men det skjer no ei utvikling mot at fleire bønder eig saman, gjennom aksjeselskap eller såkalla anpartsselskap. Ein ny trend er også investeringar i landbruket frå pensjonsselskap.

Landbrug og Fødevarer hjalp med kontaktinformasjon til bønder som kunne illustrere dei nye eigedomstrendane, og ut frå den informasjonen fekk me kontakt med dei tre bøndene (to gardsbedrifter) som er intervjuet i saka. Ein av bøndene me intervjuet hadde selt garden til eit pensjonsselskap, medan han sjølv dreiv den. Me prøvde også å få kommentarar frå pensjonsselskapet (AP Pension), men dei ynskte ikkje å kommentere oppkjøpet.

Danmark har også fleire store landbrukskonsern og godseigarar. Både før og under avreise til Danmark gjorde me fleire forsøk på å kome i kontakt med ulike av desse - mellom anna den danske klesmilliardæren Anders Holch Povlsen, som eig gods i både Danmark, Skottland og Romania - men ingen av dei ville eller kunne stille til intervju.

Artikkel 3: Skottland – Hilde Lysengen Havro

Det skotske parlamentet vedtok ein ny jordlov i april 2016². Loven er eitt ledd i ei omfattande jordreform Scottish National Party (SNP) som sit med regjeringsmakta ynskjer å gjennomføre. Loven gir lokalsamfunn (communities) større rettar til å kjøpe jord frå dei store godseigarane, og me avgjorde at me ynskte å sjå nærmare på forholdet mellom lokalsamfunn og godseigarar i artikkelen vår om Skottland, sidan denne debatten, på grunn av den nye loven, var mest framme i det offentlege ordskiftet på det tidspunktet.

Frå Norsk senter for bygdeforskning i Trondheim vart me tipsa om den skotske forskaren Annie McKee ved James Hutton Institute i Aberdeen. McKee skulle syne seg å vera ei god kjelde for oss. Ho har tidlegare forska på forholdet mellom lokalsamfunn og godseigarane, og var ei verdifull og kunnskapsrik kjelde for arbeidet vårt. Ho var også ein «veg inn» til godseigarmiljøet for oss, eit miljø som nok ikkje såg ei mindre, norsk avis som den viktigaste staden å drive sine politiske kampar i.

Som bakgrunn for artikkelen var artikkelar frå skotske og britiske aviser viktige. Offentlege statistikkar frå det skotske landbruksdepartementet skaffa oversikt over det skotske jordbruket. Nettstadene for dei ulike interesseorganisasjonane som arbeider med jordreforma var også nyttige. Utfordringa er at det ikkje finst noko godt register over eigarskap til jord i Skottland. Ei av kjeldene våre var forfattaren og politikaren Andy Wightman, som i over 20 år har drive gravearbeid i kart og register for å finne ut av eigarskapen. I tillegg til å drive ein blogg³ om jordeigarskap i Skottland, var ei av bøkene hans (The Poor Had No Lawyers) også viktig for oss for å skjønne den historiske bakgrunnen for kvifor eigarskapen i Skottland er så ulikt fordelt.

I tillegg til dei opne kjeldene møtte me også ein av dei mest kunnskapsrike personane om eigarskap og utmarksforvaltning i Skottland. Vedkomande gav oss eit godt innblikk i historisk bakgrunn, den politiske debatten og framtidige problemstillingar og vanskar, men ynskte ikkje å vera ein del av artikkelserien grunna sitt eige arbeid.

For å belyse spørsmålet om jordeigarskap både frå lokalsamfunnet si side og godseigarane si side tok me kontakt med interesseorganisasjonane for godseigarane (Scottish Land & Estate) og lokalsamfunna (Community Land Scotland). Trass i fleire førespurnader, fekk me ikkje svar frå Scottish Land & Estate, men gjennom andre fekk me kontakt med og avtale med

² <http://www.gov.scot/Topics/Environment/land-reform>

³ <http://www.andywightman.com/>

godseigaren Andrew Bradford som eig og driv Kincardine Castle and Estate i Aberdeenshire. Det var viktig for oss å intervju ein godseigar for nettopp å få svar på spørsmål kring kvifor godseigarane har motsett seg jordreformene frå regjeringshald.

Community Land Scotland ó som organiserer lokalsamfunnsorganisasjonar ó var derimot meir behjelpelege. Utfordringa her var at ein del av dei me tok kontakt med, var i prosessar med oppkjøp eller i konflikt med jordeigaren, og ville difor anten ikkje møte oss, eller møte oss, men ikkje vera opne kjelder i saka. Til slutt vart me tipsa om North West Mull Community Woodland, som ligg på Isle of Mull, som både ville ta imot oss og vera ei ope kjelde. Ein av dei tilsette, Ian Harper, er også styremedlem i Community Land Scotland, og hadde god historisk og politisk kjennskap til lovarbeidet i Skottland.

Artikkel 4: Romania – Astrid Sverresdotter Dypvik

Me var på jakt etter eventuelle norske investorar i rumensk landbruk og kom over ein artikkel i Dagens Næringsliv frå 2008⁴ der det stod at selskapet Optimum investerte i rumensk jordbruk. Me tok kontakt med Optimum og fekk vita at investeringane vart gjort gjennom selskapet North Bridge. Me tok så kontakt med firmaets representant Dag Espen Arnesen og fekk eit intervju og ein bakgrunnsamtale med han. Arnesen sette oss også i kontakt med Andrew Shegog, som arbeider for North Bridge i Romania.

Me etablerte også kontakt med fire rumenske kjelder med stor kunnskap om den rumenske landbrukssektoren. Den eine var Atila Szoks i småbrukarorganisasjonen Eco Ruralis. Organisasjonen har laga fleire engelskspråklege rapportar om landran og konkurranse om landbruksjord i Romania. Den andre var Gabriel Razi, som er redaktør i finansavisa Ziarul Financiar. Razi er den journalisten i Romania som har skriva flest artiklar om North Bridge. I tillegg hadde me kontakt med den rumenske finansjournalisten Roxana Vantu. Ho har stor kjennskap til rumensk næringsliv og den rumenske jordbrukssektoren spesielt, og bidrog med bakgrunnskunnskap og vurdering av funna. Politikaren Iulian Bulai bidrog også med bakgrunnsinformasjon til artikkelen.

Av offentlege arkiv og kjelder brukte me det elektroniske arkivet ListaFirme.ro, som er eit slags proff.no for rumensk landbruk. Me brukte også registeret Agentia Nationale de Cadastru (ANCPI) som er det rumenske jordbruksregisteret, og Agentia pentru finantarea Investiilor Rurale (AFIR), for å få informasjon om landbrukssubsidiar gjennom EUs felles jordbrukspolitikkk CAP. Også nettstaden CY.check.com med bedriftsinformasjon om kypriotisk-registrerte selskap var viktig. Me brukte også nettstaden proff.no for å få ut informasjon om investorane i den norske delen av North Bridge-selskapa, og nettstaden Landmatrix.org som samlar informasjon om kjøp av jordbruksjord

Det var vanskeleg å gjera sjølvstendige vurderingar av delar av informasjonen frå Romania, difor sørgja me for å drøfte funna med finansjournalisten Roxana Vantu. Vantu hjelpe også med omsetjingar til rumensk og med å finne relevante kjelder. Gjennom dei ulike kontaktane fekk me kontakt med nye, mellom anna eit jordbrukskooperativ i Timisiora, som sette oss i kontakt med grønsaksbonden Mitel Gratian Alin i landsbyen Herneacova. Me fekk også tips om eit eideomsfirma i Bucuresti som sel landbruksjord, og kom slik i kontakt med Andrei Botis. Vidare fekk me også tips om Toma Dinu, som er dekan ved Romanias universitet for agronomi, og Florentin Bercu i produsentforeininga Proagro.

⁴ <http://www.dn.no/nyheter/2011/08/24/her-dyrker-nordmenn-formuen-sin>

Som bakgrunn for artikkelen brukte me EU-rapportar om landran, rapportar om utviklinga i den rumenske jordbrukssektoren, og rapportar frå Eco Ruralis, i tillegg til artiklar frå engelsk- og tyskspråklege publikasjonar om temaet.

I arbeidet fann me ut at nordmenn investerer i rumensk jordbruk gjennom selskapet North Bridge. Det norskeigde selskapet eig saman med britiske investorar eit Kypros-registrert holdingselskap, som igjen eig eit titals selskap som er aktive i den rumenske landbrukssektoren. Denne eigarskapsforma er utbreidd i rumensk landbruk, og denne modellen er optimal om ein vil spare skatt og maksimere fortjenesten. Selskapsmodellen er omstridd i Romania fordi enkelte rumenarar meiner denne forma for aktiv skatteplanlegging tappar Romania for ressursar, utan at landet får så mykje tilbake. Den er også omstridd fordi den driv prisen på jordbruksjord opp, noko som gjer at lokale småbønder ikkje kan utvide drifta si fordi det ikkje er mogleg for dei å kjøpe jord.

Artikkel 5: Kappløp om Afrikas jord – Astrid Sverresdotter Dypvik

I utgangspunktet var planen å sjå på korleis norske statlege og private investeringar skjer, og kva vurderingar som ligg til grunn for investering i afrikansk jordbruk. Me kom til at det vart for krevjande for oss å arbeide med eit slikt oversyn. I seg sjølv er dette temaet verdt ein artikkelserie. Me avgjorde at artikkelen skulle handle om norske investeringar sør for Sahara, og konsentrere oss om investeringane til det statlege, norske investeringsfondet for utviklingsland Norfund.

Artiklar i internasjonale magasin, Bistandsaktuelt og vitenskaplege tidsskrift som International Journal of Peasant Studies, Foreign Affairs og Canadian Food Studies danna bakgrunnsinformasjonen for artikkelen. Til artikkelen valde me å snakke med Norfund og Utviklingsfondet, som representerer to ulike syn på norske jordbruksinvesteringar i afrikansk landbruk. I tillegg nytta me oss av Landmatrix.org⁵.

Artikkelen skildrar ei rad dilemma knytt til investeringar i afrikansk jordbruk. På den eine sida føregår storstilt landran og investeringar som er i ei gråson som grensar opp mot landran. Men jordbruket i Afrika sør for Sahara er framleis i liten grad industrialisert og det store fleirtalet av befolkninga er fattige småbønder, dei treng investering og finansiering for å kunne utvikle seg og vekse. Vekst i småskalajordbruket er det som har vist seg å ha størst effekt på fattigdomsbekjempelse i Afrika. Dei investorane som ønskjer å gå inn er primært interesserte i å investere i storskala industrijordbruk, som ikkje har dei same fattigdomsreducerande effekten som småskalajordbruket.

Artikkel 6: Ukraina – Eva Aalberg Undheim

I arbeidet med artikkelen om Ukraina starta me med å lese nett- og avisartiklar, forskingsartiklar og artiklar frå tenketankar om status for og utviklinga i jordeigarskapen i Ukraina. Mange store og internasjonale selskap har investert i matproduksjon i landet, og det vart rapportert om at stadig fleire utanlandske selskap får godt grep om jorda. Sidan oppløysinga av Sovjetunionen har Ukraina derimot hatt salsforbod på jorda, så selskapa leiger i hovudsak områda dei produserer på av dei fleire millionane jordeigarar blant den ukrainske befolkninga.

⁵ <http://landmatrix.org/en/>

Informasjon og statistikk frå OECD, FAO, CIA World Fact Book, forskingsinstitusjonen Centre for Eastern Studies og eit engelskspråkleg informasjonshefte frå det ukrainske landbruksdepartementet vart brukt for å få ein nokolunde oversikt over driftsstruktur og eigarskap, produksjons- og eksportinformasjon og historikk og utviklingstrekk.

Me tok tidleg kontakt med både det ukrainske landbruksdepartementet og fleire av dei største landbruksprodusentane i landet via telefon og epost. Dette leidde ingen veg. Nokre telefonsamtalar stranda i språkproblem. Ofte når me tok kontakt på telefon vart me også bedne om å sende e-post, men epostane vart ikkje svara på, trass i purringar. Den nye strategien vart å gå via andre. Den norske ambassaden i Kiev bidrog også med kontaktinformasjon til nokre aktørar. Gjennom eigne nettverk fekk me også kontakt med folk som kjende folk som jobba for nokre av landbruksselskapa og som ordna oss intervjuavtalar med dei som er siterte i artikkelen. Intervjuavtalen i det ukrainske landbruksdepartementet kom til slutt til med to timars forvarsel den siste dagen vi var i Kiev, og som følgje av at den ukrainske tolken me hadde med oss tilfeldigvis kjende ein person i departementet.

Me tok tidleg kontakt med nordmennene som er omtalt i artikkelen, og som har investert i jordbruksjorda i Ukraina. I tillegg til å vere kjelder i artikkelen bidrog dei også med kontaktinformasjon til lokale avdelingar av nokre av dei store landbruksselskapa og til dei familiane som er intervjuet i artikkelen.

Artikkel 7: Den spreidde jords logikk – Bjarne Bekkeheien Aase

Me byrja med å kontakte SSB for å få mest mogleg informasjon om kven som eig jordbruksjorda her i landet i dag, korleis strukturen på eigedomane er, og kva endringar som har skjedd opp gjennom tida. Me tok i bruk fleire ulike publikasjonar og tabellar, både historiske utgjevingar og statistikkar, som fortsatt blir oppdatert. Særleg var me på jakt etter statistikk som kunne vise litt om korleis Norge skil seg ut frå andre land.⁶ I tillegg til SSB, som var ei viktig kjelde, leita me også i EU-statistikk og statistikk og rapportar frå fleire andre europeiske land.

Mellom faktorane me ville undersøkje var i kva grad det er personleg eigarskap til jordbruksjord i Norge. Me fann ut at svært lite jord er eigd av aksjeselskap. I tillegg er det svært lite jordbruksjord totalt i Norge, også samanlikna med våre næraste naboland. Me fann også ut at det i Noreg er svært få landbrukseigedomar som har mykje dyrka jord. Det er berre 43 eigedomar med meir enn 1000 mål full- eller overflatedyrka jord her i landet, og dei fleste av dei 43 har berre rett over 1000 mål. Samla var det i 2014 185.700 landbrukseigedomar. Litt under 173.000 landbrukseigedomar hadde jordbruksareal, og 98,3 % av dei har under 300 mål dyrka jord kvar. Med andre ord ein svært spreidd eigarstruktur basert på personleg eige, ofte

⁶ SSB- Landareal, jordbruksareal og avling. Utvalgte land 2011: <http://www.ssb.no/a/aarbok/tab/tab-337.html>
Jordbruksverket i Sverige: Jordbruket i EU.
<https://www.jordbruksverket.se/download/18.4b2051c513030542a92800014479/1370043485782/Kap+13+Jordbruket+i+EU.pdf>
Jordbruksstatistikk i EU:
http://ec.europa.eu/eurostat/web/agriculture/data/database?p_p_id=NavTreeportletprod_WAR_NavTreeportletprod_INSTANCE_ff6jld0oti4U&p_p_lifecycle=0&p_p_state=normal&p_p_mode=view&p_p_col_id=column-2&p_p_col_pos=1&p_p_col_count=2

omtalt som familiejordbruk. Statistikken dokumenterte med andre ord inntrykket me hadde frå før og som for så vidt var ein slags utgangshypotese.

Me søkte også statistikk og informasjon om utviklinga i leigejorddelen, som viser forskjellane i driftsstruktur versus eigarstruktur, og kor mykje av jorda dei aktive bøndene eig sjølv.

Regjeringa føreslår i tillegg mange endringar i reguleringane for eigarskap til jord og landbrukseigedomar. Me leita etter statistikk som kunne seie noko om utslaga av framlegga. Mellom sentrale faktorar er kor mange eigedomar som vil kunne hamne under konsesjonsgrensa, om den blir heva, og kor stor del av jordbruksjorda som kan seljast konsesjonsfritt, om framlegga blir vedtekne.

Vidare i fasen tok me kontakt med forskarar og fagfolk som kunne analysere og kommentere funna og situasjonen. Mellom dei me enda opp med å intervjuje er fagfolk i Norsk senter for bygdeforskning og AgriAnalyse, som har jobba med ulike sider av saka og sett det frå litt ulike synspunkt. Mellom spørsmåla me ynskte svar på var både korleis eigarskapen til jordbruksjord har påverka samfunnet vårt samla sett og meir konkret jordbruket og matproduksjonen vår. Andre faktorar er korleis regulering og regelverk har påverka situasjonen, og korleis endringar kan slå ut.

Me ville også snakke med bønder og jordeigarar med ulikt erfaringsgrunnlag og ulikt syn på situasjonen, og gjerne ein stor, norsk jordeigar. Ei viktig kjelde for oss då vart ekteparet Thorsø Mohr. Dei driv Thorsø Herregård i Østfold, som er ein av landets største jordbrukseigedomar, med 1400 mål jord og beite pluss 12.500 mål skog, og med mjølk og korn som hovudproduksjonar. Me ynskte også å få fram eit investor-perspektiv på norsk jordbruk. Me tok også kontakt med investor og tidlegare NHO-president Jens Ulltveit-Moe, som gjennom fleire ulike aksjeselskap driv jordbruk i Brasil, i tillegg til at han driv skogbruk i både Canada og Noreg. Han har erfaringar frå andre land og eit anna syn på jordeigarstrukturen og reguleringane, som han meiner må mjukast opp i den retninga regjeringa ynskjer.

Artikkel 8: Polen – Familiejordbruk under press – Hans Bårdsgård

Me starta med å gjera eit breitt nettbasert søk på polsk landbruk og hovudtrekka i polsk jordeigarskap. Me snakka også med Jadwiga Lopata, som er nestleiar i International Coalition to protect the Polish Countryside (ICPPC), ein NGO for bevaring av økologi og kultur på den polske landsbygda, for å få tips til kjelder. Me prøvde også å få informasjon og intervju med det polske landbruksdepartementet, men lukkast ikkje med det.

I tillegg til Jadwiga Lopata, kom me i kontakt med bøndene Edyta Nowak, Janosz Helwig og Martin Grzadko i Swidwin, som driv økologisk jordbruk. Me kom også i kontakt med regionleiar Jan Bialkowski i ARR, som er det statlige byrået for jordbruksjord, og fagrørsla Solidaritet i Szczecin, som organiserer bønder. I Polen oppsøkte me Solidaritet, som viste oss til Bialkowski. Han er sjølv bonde, og var delaktig i demonstrasjonane i 2015.

Av arkiv og databasar var årsrapportar frå det polske landbruksdepartementet nyttig informasjon til artikkelen. Nyttig var også informasjon frå ARR sentralt og regionalt, i tillegg til nyheitsartiklar om bondeaksjonane i Warszawa og fleire regionale byer våren 2015.

Ei utfordring var at det er usikker og til dels manglande statistikk over jordeigarskap og omsetning av jord. Det var også lita vilje i regjeringsapparatet og byråkratiet til å svara på spørsmål om jordeigarskap og utvikling. Spørsmålet er omstridd i Polen, og i forholdet mellom Polen og EU, som har reist krav om at EU-land som ynskjer å sikre ein nasjonal eigarskap til jord, liberaliserer lovverket sitt. Me erfarte også at Bialkowski, som vart henta inn til ARR etter demonstrasjonane i 2015, var tydeleg ubekvem i dobbeltrolla som jordsalsforvaltar på den eine sida, og bonde og tidlegare demonstrant på den andre sida, men det var han både Solidaritet og sentrale styresmakter peikte på for kommentarar.

Artikkel 9: Makta over matfata – Astrid Sverresdotter Dypvik

Den siste artikkelen i serien skulle oppsummere nokre av problemstillingane me hadde teke opp i dei andre artiklane. I tillegg ynskte me å sjå nærare på at så mange aktive bønder i dag er avhengig av å kunne leige jord til drifta si. Me søkte difor meir informasjon om leigejord og debattane kring leigejord. Me var også ute etter å setje denne diskusjonen og norsk matproduksjon inn i ein internasjonal samanheng. Vedtak og referat frå debattar i Stortinget, statistikk frå FNs landbruksorganisasjon FA og rapportar frå Landbruksdirektoratet var viktige informasjonskjelder i arbeidet med artikkelen.

Professor Jennifer Clapp frå University of Waterloo i Canada har forska mykje på jordeigarskap i global samanheng, og var ei viktig kjelde i artikkelen. Clapp snakkar om noko ho kallar «food-system», der ein er oppteken av mat frå primærproduksjonen og fram til forbrukar. Det var viktig for oss å syne at den norske debatten om landbruksstrukturen på ingen måte er isolert frå det som skjer i resten av verda.

Me ville ha tak i personar som kunne diskutere jordeigarskap, leigejordsstatistikk og matproduksjon i verda på eit overordna nivå. Sps stortingsrepresentant Per Olaf Lundteigen og Høgres stortingsrepresentant Gunnar Gundersen står på kvar si side i den norske diskusjonen. Professor Reidar Almås ved Norsk senter for bygdeforskning er landbrukshistorikar, og kastar lys over den historiske dimensjonen i saka, og at den sjølveigande bonden er ein heilt sentral aktør i norsk historie. Clapp set den norske debatten inn i ein internasjonal samanheng. Bonden Tor Jacob Solberg vart valt som kjelde, fordi han kan fortelje om sine personlege erfaringar med jordeigarskap og odelslov.

Artikkelen syner to ulike måtar å tenkje på mat og landbruksproduksjon på, og begge tankesetta finst både i Noreg og internasjonalt. Den eine er motivert ut frå politiske ideal om sjølveigarskap, økonomisk fordeling og distriktpolitikk. Den andre tenkjemåten er meir marknadsorientert, der matproduksjon er frikopla frå politiske ideal og blir ei reindyrka næringsverksemd.

LÆRDOMAR

For ei relativt lita avis som vår, var det ein krevjande jobb å setje i gang med eit såpass stort prosjekt. Me kunne likevel i større grad ha vorte samde om nokre standard-fakta til bruk for alle artiklane for eit meir heilskapleg preg, slik at det for lesarane våre ville vore enklare å samanlikne land for land.

I tillegg opplevde me at lysta til å la seg intervjuje av ei norsk avis var svært varierende. Mykje tid vart brukt på å finne kjelder som både var relevante for artiklane og problemstillingane, som kunne tenkje seg å bidra til artikkelen som opne kjelder. Me erfarte også at språkproblem var ei utfordring, at kjeldene ikkje alltid såg nytta av å la seg intervjuje av ei norsk avis, og at spørsmålet om jordeigarskap var for fleire av artiklane eit så brennbart tema at det var vanskeleg å få kjelder som ville stå fram, sjølv om artiklane skulle trykkast på norsk.

Ein viktig lærdom var også at, utover det som finst av offentleg statistikk, er godt kjeldearbeid det som stadig fekk oss vidare og i kontakt med nye kjelder. Til slutt, etter mange nok telefonar og epostar og personleg oppmøte, finn du den eller dei kjeldene du gjerne vil snakke med. Me erfarte at det også var enklare å koma i kontakt med representantar for dei som blir råka av endringar i jordeigarskapen ó både lokale småbønder og godseigarar/investorar ó enn offentlege styresmakter. Truleg ynskjer dei som er råka på ein eller annan måte å fortelje sine historier. Norske investorar kan også ha ei interesse av å la seg intervjuje av ei norsk avis, for å indirekte kunne påverke den norske debatten om liberalisering av lovverket.

Å reise til så mange ulike land for ein artikkelserie kravde også mykje organisering og tid i seg sjølv, og me kunne truleg brukt endå meir tid på kvar enkelt artikkel om me hadde redusert talet på land. Samstundes meinte me at nettopp ved å skrive om så mange ulike land, ville me få fram fleire perspektiv og ulikskapar ved korleis lovverk, pengestraum og jordbruket fungerer i Europa.

Publisering

Alle ni artiklane vart publisert på nett og papir. Artiklane vart publisert i papiravisa kvar fredag frå 8. juli til 2. september. Til nett vart artiklane publisert anten dagen før, same dag, eller dagen etter.

1. «Bonde tross odelsloven» - Hans Bårdsgård

Guro Lajord hadde ikke loven på sin side, men får ta over gården likevel. Odelsretten har fulgt norsk landbruk i 1000 år.

<http://ekstra.nationen.no/bonde-tross-odelsloven/>

2. «Den leigde jords logikk» - Eva Aalberg Undheim

I Danmark har det vorte så kapitalkrevjande å kome seg inn i landbruket at nye bønder slår seg saman for å klare seg. Eller dei må få hjelp av eksterne investorar.

http://ekstra.nationen.no/den_leigde_jords_logikk/

3. «Slaget om Skottland» - Hilde Lysengen Havro

Den skotske landsbygda har vore tumleplass for rikingar og adelege. No blir det gjort forsøk på å endre restane av ein føydal struktur.

<http://ekstra.nationen.no/slaget-om-skottland/>

4. «Pengegalopp på den rumenske landsbygda» - Astrid Sverresdotter Dypvik

Nordmenn er med i kappløpet om Romanias fruktbare landbruksjord. No vil landets regjering sette ein stoppar for utanlandske oppkjøp.

<http://ekstra.nationen.no/pengegalopp-pa-den-rumenske-landsbygda/>

5. «Kappløp om Afrikas jord» - Astrid Sverresdotter Dypvik

Minst 490 millionar dekar afrikansk jordbruksjord blir forvalta av utanlandske investorar. Mange har lova utvikling og arbeidsplasser i bytte for jorda. Likevel står lokale småbønder ofte att som taparar.

http://ekstra.nationen.no/Kappl%C3%B8p_om_Afrikas_jord/

6. «Stille før jordskredet» - Eva Aalberg Undheim

Salsforbodet på jordbruksjord i Ukraina kan stå for fall. Nordmenn som har investert i eit av Europas viktigaste jordbruksland, merkar auka press på jorda allereie.

<http://ekstra.nationen.no/stille-for-jordskredet/>

7. «Den spreidde jords logikk» - Bjarne Bekkeheien Aase

I få land er eigarskapen til jord og skog spreidd på så mange hender som i Norge. Eigeomsreglar har hindra framvekst av ein jordadel, men vil lemping på reglane sikre sjølveigande bønder i framtida?

<http://ekstra.nationen.no/den-spreidde-jords-logikk/>

8. «Familiebruk under press» - Hans Bårdsgård

Jordprisene i Polen har tatt fem ganger siden landet ble EU-medlem. Utlandinger kontrollerer stadig mer land. Polske bønder svarer med geriljasåing og husflid.

http://ekstra.nationen.no/familiebruk_under_press/

9. «Makta over matfata» - Astrid Sverresdotter Dypvik

Den sjølveigande bonden har ein sentral plass i norsk historie. Men stadig fleire driv på leigd jord.

http://ekstra.nationen.no/makta_over_matfata/